

Fråsegn vedrørende SB02 i planen med tomter skilt ut frå Gnr 1 Bnr. 2 Solbjørg.

Namn i planen: «SB02 Myra»

Garden høyrer til Solbjørg og det står i alle gamle papirer. Den er utskilt frå Solbjørgsgarden i si tid. Garden grensar opp til Bjarne Øvredal(Rolvsvåg 2/1) sin eigedom og er dermed siste garden før Rolvsvåg. Det står riktig nok Myri og Myra på ein del kart, men det er på nedre sida av FV137 mot sjøen. Står ofte ved stranda på kart. Det har aldri vore nytta som namn i gamle sakspapir. Andre namn, som har vore nytta der, er Hildereren. Det var den første busetnaden, men ligg eit stykke nedanfor hovudhuset. Ved sjøen. Berre murane er synlege her. Eg ser at namnet Myra er nemnt på side 29 under 36. «gjennomføringssoner».H810_07. Dette er vel ovafor Haga. Dessutan nytta me på folkemunne namnet Myro på Ossida utanfor Solbjørg.

Solbjørg vert rettast slik det står i den gamle kommuneplanen. Solbjørg 2 er det beste namnet etter vår mening.

Historikk

Fylkesveg 137 vart ferdig bygd i 1984-85 og dermed starta far min, Nils Aspenes, eit prosjekt med å få skilt ut tomter både til sine egne 4 jenter og nokre fleire for sal. På midten av åttitalet vart det så bygt 4 nye bustader. 3 på nye fråskilde tomter og 1 hus på gammal utskilt tom på eigedommen. Det vart også då bygd veg ned til Gnr. 1 Bnr.9. Her vart det bygt nytt hus på eigedommen i ca.2010-11. Dermed har det vorte bygt 5 nye hus etter at fylkesvegen vart ferdig.

Nils Aspenes starta også eit prosjekt for å byggja kloakk, men døyde dessverre i 1988 og enkja Gerd Kirsten Aspenes måtte fullføra dette og det stod ferdig ca. 1990. Kloakken vart lagt til sjøs over næraste nabo(1/9) som og vart med. Det er 3 hus som er kopla på anlegget til no.

«30.6 Maksimalt tal bustadeiningar i planperioden. Område SB02.»

Området SB02 er sett av til spreidd bustadbygging i den gamle kommuneplanen med 4 bustadeiningar. Det står under namnet Solbjørg i den gamle planen. Sidan det er skilt frå 5 tomter, som er fråskilte frå eigedomen Gnr.1 Bnr. 2, vert det feil å leggja ein begrensningar i den nye planen med kvote på 2. Underteikna har overteke eigedommen våren 2016 og eig no 4 av tomtene. Dermed er eg i posisjon til å gjera noko med området og utvikla det vidare. Dei 4 tomtene eg eig er Gnr. 1/32-33-34 og 35. Alle desse tomtene ligg i SB 02 i den nye planen. Vidare er det fråskilt ei tomt til i SB02 med Gnr.1/26. Noverande eigar har også kjøpt tomt inn på nabogarden(1/41). Difor meiner me at ein kvote på 5 burde vera maksimalt antall bueiningar i den neste planperioden.

- Nye eigarar av tomter og Gnr.1 Bnr.2
- Kloakk er allereie opparbeidd
- Tomter er fråskilt og det trengs ikkje ny avkøyrsløse frå FV 137.
- Gode erfaringar med borehol for vatn og lett tilgang på linjenett for straum.
- Utbygging vil ikkje leggje beslag på dyrka mark og tomtene ligg på skarv og skogbotn med låg bonitet.

